SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Marianne Bugge
E-post: Marianne.Bugge@sfj.no
Tlf.:

Vår ref.
Sak nr.: 18/7724-63
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
66712/19

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 11.11.2019

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 25. november 2019

Frå: Fylkesrådmannen

Vesentleg innvending til vedteken regional planføresegn for Sogn og Fjordane om lokalisering av handel og kjøpesenter

Fylkesrådmannen viser til vedlagde brev frå Fylkesmannen i Vestland, datert 06.11.19. I brevet vert det fremja vesentleg innvending (jf. plan- og bygningsloven § 8-4) til regional handels-føresegn, vedteken i fylkestinget 08.10.2019.

Fylkesmannen meiner at handelsføresegna ikkje ivaretek nasjonale eller viktige statlege omsyn og interesser på ein måte som dei kan godta.

Fylkesmannen meiner den vedtekne handelsføresegna er i strid med «Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» (BATP), og at handelsføresegna difor må endrast.

Fylkesmannen har konkret bede KMD ta vekk formuleringa *«Kommunen kan sjølv regulere inn fleire sentrumsområde i same regionsenter (BAS-område)»* frå kap. 1.3 i planføresegna. Dei meiner dette er i strid med seks ulike punkt i BATP, og peikar i tillegg på manglande høyring og konsekvensutgreiing:

- *Den vedtekne handelsføresegna er i vesentleg konflikt med dokumentet som låg ute på høyring.*
- *Sentrumsspreiinga som planen legg til rette for, har ikkje vore på høyring, noko det skulle vore.*
- *Sentrumsspreiinga som planen opnar for, er ikkje konsekvensutgreidd, noko det skulle vore.*

Det er tvilsamt om fylkestinget i Sogn og Fjordane – i møte 10. desember – har fullmakt til å omgjere sitt eige vedtak og fjerne formuleringa fylkesmannen har vesentlege innvendingar mot, jf. inndelingslova § 27 andre ledd, som slår fast at fullmaktene til fylkestinga i fylkeskommunar som skal slåast saman, er avgrensa til det som er naudsynt for å avslutte verksemda.